

# Folkemøte Rplan Røysaneset

25. mars 2026 k.1730-1800

## Oppmøte:

Kjartan Mehammer frå tiltakshavar (Tronds Marine Service)

Turid Verdal og Kari Hilde Rommetveit frå Nordplan Stord AS

15 privatpersonar

På møtet vart det orientert om status for planarbeidet, sentrale kartleggingar og vurderingar som ligg til grunn for planframlegget, vidare planprosess, samt korleis plandokumenta kan lesast og forståast ved offentleg ettersyn.

## Spørsmål og innspel i møtet

- Informasjon om funn av kulturminne: Påstand om at det er kulturminne langs heile den kommunale vegen, men som ikkje er grave ut. Meiner at dette bør sjekkast ut.  
SVAR: Det er gjennomført arkeologisk registrering av VLFK i området. Det vart då gjort funn av eit automatisk freda kulturminne innanfor planområdet. Dette er lagt inn med omsynssone i planforslaget. Vi er kjend med at lokaliteten ikkje vart avgrensa skikkeleg mot nord pga. leidningar i bakken og luftlinje. Avventar ev. tilbakemeldingar frå VLFK ift. vald vegløyning og omsyn kulturminne i høyringsperioden. Her er fleire omsyn som må takast. Kulturminne utanfor planområdet vert ikkje undersøkt i dette planarbeidet.
- Bygning ute på NÆ6 (nærmast friluftsområdet): skal ein kunne bygge stor og høg bygning her?  
SVAR: Ja, men det er lagt inn ein del avbøtande tiltak for å avgrense verknaden (byggegrense, maks. mønehøgde mv.). Illustrasjon i presentasjon viser mogleg og maksimal løysing.
- Utviding av plangrensa: kva betyr dette?  
SVAR: Kartet vart teke opp i møtet og forklart for den enkelte med spørsmål. Hovudgrunnen til endringa er innmålingsdata og situasjonen ved krysset til fylkesvegen. Presisert at ein no ynskjer merknader til plangrensa – ikkje planforslaget. Innspel til planforslaget er ynskja i samband med offentleg ettersyn.
- Nærmaste nabo på toppen: Høgde på dokken – kote +37. Ikkje vegetasjon i den retninga då det ikkje er grunnlag/jordsmonn til det. Tidlegare erfaring med vibrasjon i samband med anleggsarbeid, og støy.  
SVAR: Det er utarbeidd konsekvensutgreiing og støykartlegging i samband med planarbeidet. Naboar vart oppmoda til å sette seg inn i denne når dei får planen til off. ettersyn.
- Kor høgt skal støynivået frå industrien vera? Kva er det i dag? Nærmaste nabo på toppen måler støyen. Spesielt båtar som ligg ved dokken lagar mykje støy, støynivå opp mot 60dB (målt). Nabo informerte om at det tidlegare har vore lova kompensasjon i form av støygjerdje oppe på haugen, men at dette ikkje er gjennomført.  
SVAR: Det er utarbeidd konsekvensutgreiing og støykartlegging i samband med planarbeidet. Naboar vart oppmoda til å sette seg inn i denne når dei får planen til off. ettersyn. Vart også vist til at det er lagt inn føresegner for støy som sikrar at verksemd må halde seg innanfor gjeldande krav.
- Bygdalaget opptekne av friluftsområdet. Dokken og hallen vil ikkje synast særleg, men kva skal området nærmast stranda brukast til?  
SVAR: Vanskeleg å seie akkurat kva som vert bygd og når, men blir det næring vil det kunne koma bygg ut til regulert byggegrense. Illustrasjon i presentasjon viser mogleg og maksimal løysing. Sjøområdet nærast badeområdet vert regulert til *Bruk og vern av sjø og vassdrag*. Her kan det ikkje ligge permanente båtar/konstruksjonar i sjø. Vart også vist til at det er gjennomført konsekvensutgreiing for friluftsliv og strandsone som del av planarbeidet.
- Kva er plangrensa i sjø og kva er hamneføremålet? Og skal det fyllast meir inne i vågen (NÆ3)? Inn til hamna/Hillestadvågen: kor mange meter skal vera ope inn til båthamna/

vågen? Peika på at det ofte ligg tiltak/båtar for tett på, på begge sider av vågen. Ynskjeleg med krav til avstand (antal meter) for fri passasje.

SVAR: I føremålet Hamn kan det liggje båtar/konstruksjonar i sjø, det er også for manøvreringsareal for båtar. Vist til at det er lagt inn føresegner om at det skal sikrast passasje for småbåttrafikk i HOS1. Vil vurdere å ta inn i føresegnene noko om x meter passasje inn vågen.

- Røysanesvegen, kva er akseltrykket? Truleg så køyrer det bilar her som er over det som er «tillatt». Dette er noko som bør tas med kommunen. Sjekk stigningsforholdet på siste brekka opp til næringsområdet. Er det innanfor norm?

SVAR: Kunne ikkje svare ut i møtet og lova å sjekke opp i dette som del av planen.

*Desse punkta er sjekka opp i etterkant av møtet og omtala i kap. 4.7.1 i planomtalen. Stigning er OK og går fram av vegplan.*

- Løyser vi parkering til museet? Og korleis vert parkering til næringsområdet løyst?  
SVAR: Parkering til museet er ikkje del av planen. Parkering til næringa skal løysast innanfor næringsområdet.

- Massehandtering – kor mykje skal takast ut? Når det var anleggsarbeid sist – det var ei plage.  
SVAR: Tiltakshavar sa seg einig i at dette var dårleg løyst sist, og som dei har teke opp med entreprenør som vart nytta da. No er det lagt inn føringar i føresegnene som kan gjera det enklare å pålegge entreprenør ein betre prosess denne gangen.

- Kva tid tenker ein å starte opp med bygging etc.?

SVAR: Ingen klar tidsplan for det. Avhenger av inntening og finansiering. Ting må henge saman.

- Grunneigar er informert om at vassleidning og pumpestasjon ved badestranda vil starte til hausten. Kommunen skal legge nytt anlegg i fortau.

SVAR: Nordplan sjekkar om dette er siste informasjon.

*Dette punktet er sjekka opp med Nordplan sin VA-ingeniør i etterkant av møtet. På grunn av uvisse kring oppstart av det kommunale VA-prosjektet, er gjeldande situasjon lagt til grunn for løysingane i VA-rammeplanen.*


# Detaljregulering for Røysaneset industribase – Høylandsbygd, 202/140 mfl.

Folkemøte 25. Mars 2026

Kari Hilde Rommetveit og Turid Verdal




## Planarbeid og kor er vi no i prosessen?






## Plankart og føresegner

- Hovudføremål i planen
  - Legge til rette for næring i form av maritim industri gjennom opprusting og vidareutvikling av næringsområdet.
  - Næringsbygningar
  - Hamneområde i sjø
  - Samferdselsføremål (køyreveg, fortau, kollektiv)
  - Vegetasjonsskjerm



## Plankart og føresegner

- Næringsbygningar
  - 6 delområde, ca. 170 daa
  - Skipsverft, handverks- og servicebygningar, lager
  - Adm.bygg, kontor, overnattingsbrakker
  - Ny overbygd dokk (B=35m, L=160m, H=35m)
  - Kai




## Plankart og føresegner

### Byggjehøgder i næringsområda

- Forhold til gjeldande reguleringsplan og dagens situasjon.
- Varierende høgder innanfor dei ulike næringsområda, NÆ1-NÆ6. Unntak vist med juridiske høgdelinjer i plankartet innanfor NÆ3 og NÆ5.


Delområde	Ca. planeringsnivå	Maksimal byggehøgde (kote)
NÆ1	8,5	+13,5
NÆ2	15,0	+27
NÆ3	Min. 2,1	+18
NÆ3 (høgdelinje =14 meter)	Min. 2,1	+14
NÆ4	Min. 2,1	+28
NÆ5	Min. 2,1	+28
NÆ5 (høgdelinje =37 meter)	Min. 2,1	+37
NÆ6	Min. 2,1	+20



## Plankart og føresegner

### Føresegnområde i plankartet:

- #2\_1 = Avgrensing av fyllingsfot i sjø for næringsområda.
- #2\_2 = Det er tillate å etablere tunnel under bakken for transport mellom KV8 og til kainivå ved framtidig dokk i NÆ5 innanfor føresegnområdet.
- #2\_3 = Område kor det er tillate å etablere kontor og overnattingsrom tilknytt verksemdene.
- #2\_4 og #2\_5 = Tiltak kan gjennomførast i sikringssona til automatisk freda kulturminne i samband med omlegging av privat veg mot Hillestad, utan vilkår om ytterlegare arkeologisk gransking. Kulturminnet skal sikrast i anleggsfasen.



## Plankart og føresegner

- Samferdsel, veg og fortau:
  - Krav frå kommunen: Vegarealet skal vere del av planområdet, kommunale vegar skal regulerast for oppgradering og at avkøyrsløse mot Hillestad skal leggjast om.
  - Kommunens krav til vegstandard: Samlevveg, Sa1: 5,75 m vegbreidde og 0,25 m skulder. Fortau: min. 2,75 m asfalt + 0,25 m grusskulder.
  - Gjennomført dialog med kommune/fylkeskommune og innmålingar av eksisterande situasjon.
  - Regulerer no i all hovudsak køyrevveg i breidde 5,5 meter og fortau med breidde 2,5 meter, men får to korte strekk med redusert breidde på veg (5,0 m) og fortau (1,8/2,1 m) grunna eksisterande tiltak langs veg → Krev dispensasjon frå kommunal vegnorm.
  - Oppstraming kryss inn mot fylkesveg → Krev søknad om fråvik frå SVV handbok N100.
  - Omlegging av privat veg mot Hillestad.
  - Kantstopp for buss på begge sider av Slettanesvegen.



## Merknadar til varsel om oppstart - oppsummering

Innspel som går att frå naboar:

### ➤ Friluftslivområdet Slettaneset og leikeplass

#### Bekymringar


- Korleis vil planlagd utviding påverke eksisterande friluftslivområde ved Slettaneset?

#### Vurderingar og verknader


- Gjennomført KU for fagtema friluftsliv, strandsone og støy (inkl. støykartlegging).
- Dagens påverknad frå eksisterande industriområde.
- Visuelle verknader, potensiell lydforureining

#### Tiltak

- Redusert byggjehøgde og inntrekt byggegrense.
- Bevaring vegetasjonsskjerm. Flatehogst ikkje tillate.
- Sjøområde nærast regulert til *Bruk og vern av sjø og vassdrag*
- Krav til material (ikkje reflekterande)
- Krav til støy i samsvar med gjeldande regelverk.
- Krav til tiltak ved utfylling og mudring i sjø for å hindre ureining.
- Betra trafikktryggleik for mjuke trafikkantar.



## Merknadar til varsel om oppstart - oppsummering



## Merknadar til varsel om oppstart - oppsummering

### ➤ Oppgradering/breiddeutviding tilkomstvegar

#### Bekymringar

- Verknader for tilgrensande bustad- og landbrukseigedomar langs vegen ved utviding av veg/fortau.
- Auka trafikk gjennom bustadområdet.
- Trafikkflyt
- Trafikkstøy

#### Vurderingar og verknader


- Gjennomført KU for fagtema Transport – Vegtrafikk og støy inkl. støykartlegging
- Innmålingar eksisterande tiltak
- Auka trafikk, men moderat.
- Inngrep på private eigedomar - Grunnerverv



## Merknadar til varsel om oppstart - oppsummering

### Tiltak

- Utbetring kommunale vegar med fortau. Kantstopp for buss.
- Innsnevring samferdselsformål for å unngå konflikt med eksisterande tiltak langs veg. Føresegner som sikrar tilbakeføring til jordbruksareal for skråningsutslag.
- Oppstraming kryss mot fylkesveg og omlegging av tilkomstveg mot Hillestad.
- Rekkefølgekrav som sikrar avtale om vegutbetring før større utbygging innanfor næringsområda.
- Krav om detaljert massehandteringsplan som m. skal vurdere krav til trafikkavviklingsplan ved høg aktivitet, mogleg tidsavgrensing for tungtransport og kontroll på støy- og støvforhold i anleggsfasen.
- Massetransport primært via sjø.



## Merknadar til varsel om oppstart - oppsummering

### ➤ Forureining: Støy, støv, visuelt

#### Bekymringar


- Auka forureinig: støy, støv, visuelt.

#### Vurderingar

- Gjennomført KU for fagtema Støy (inkl. støykartlegging), Transport – Vegtrafikk, landskap.
- ROS-analyse

#### Tiltak

- Grenseverdier i T-1442 juridisk bindande.
- Tidsavgrensing for støyande arbeid (sprenging, boring mv.)
- Krav til vurdering av støyreducerande tiltak ved støyutsett busetnad.
- Krav til plan for kontroll og dokumentasjon på korleis støy, støv og vibrasjonar i byggje- og anleggsfase vert handtert.
- Informasjon til naboar i forkant av anleggsarbeid.
- Verksemder som har særskilt utsleppsløyve må forholde seg til grenseverdier i løyve.
- Bevaring grøntområde/vegetasjon, byggjehøgder, byggegrenser.



## Illustrasjonar



nordplan.

nordplan.

## Illustrasjonar



## Illustrasjonar



## Illustrasjoner



## Illustrasjonar



## Illustrasjonar



nordplan.

nordplan.

## Frist for innspel

Frist for innspel til varsel om endra plangrense

**16. april 2026**

Skriftleg innspel til:

Post: Nordplan Stord AS, Postboks 32, 5401 Stord

Eller e-post: [khr@nordplan.no](mailto:khr@nordplan.no)

Spørsmål knytt til planarbeidet kan rettast til

- Kvinnherad kommune: spørsmål til: [post@kvinnherad.kommune.no](mailto:post@kvinnherad.kommune.no) med saksnr. 2023/1710  
Sakshandsamar: [synnove.handeland@kvinnherad.kommune.no](mailto:synnove.handeland@kvinnherad.kommune.no), +47 40 40 49 73
- Tiltakshavar: Røysaneset Industribase AS og Halsnøy Industribase AS  
v/ Kjartan Mehammer + 47 950 72 112 og Kristian Råsberg +47 992 10 109
- Plankonsulent: Nordplan Stord AS v/ Kari Hilde Rommetveit, +47 976 53 972

# Spørsmål ?

